

Sakspapir

--	--	--

Sakshandsamar:	<i>Christopher Marius Straumøy</i>	
Arkivsaknr.:	23/1190	Klassering:

Revisjon av Avtale på Selsøy og Bautastein

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Formannskapet godkjenner at det kan inngåast revidert avtale med Mikal Krossøy om Selsøy.
2. Formannskapet godkjenner at Austrheim Kommune overtek eigedomsretten til Bautasteinen på Selsøy fra Neptun Seniorklubb.

Saksopplysningar:

I 2014 vart det signert avtale med grunneigar Mikal Krossøy om tilkomst på Selsøy, skilting, tilrettelegging av møteplass, tursti og hytte, sjå vedlagt avtale.

Denne avtalen skal no reviderast ettersom den går ut 30.04.2024.

Vidare ønskjer Neptun Seniorklubb å overføre eigedomsretten til Bautasteinen på Selsøy til Austrheim kommune, sjå vedlegg.

Bakgrunn

Vurdering

1. Avtalen med Mikael Krossøy:

Dei endringane som foreslås av Mikael Krossøy handler om å oppdatere avtaleteksten slik at den gjenspeglar dagens tilstand på Selsøy, herunder på bygg og anlegg. Vidare foreslåast det at det kan leggast inn ein opsjon med forlening av avtalen fram til 2044 viss denne løysast inn.

Avtalen med Mikal Krossøy om Selsøy har stor kulturhistorisk verdi for Austrheim Kommune. Kommunedirektøren meiner det er klart at denne avtalen må forlengast. Kommunedirektøren ha

heller ingen innvendingar til dei føreslårte endringane som er kommet frå motparten, særleg ettersom Kommunedirektøren ikkje kan sjå at avtalens revidering vil påføre kommunen meirkostnader. Kommunedirektøren vil sørje for å utarbeide ein avtaletekst i tråd med forslag frå motparten.

2. Overføring av Eigedomsretten av Bautastein frå Neptun Seniorklubb

Neptun Seniorklubb skriv følgjande:

*«Den 8. mai 2022 vart det avduka ein stor bautastein på Selsøy.
På steinen er det frest inn ni portrett av dei tre agentane som opererte lytte og radiostasjonen RISOR II, og seks av dei mest sentrale hjelparane deira.
Desse portretta er vederlagsfritt mala av kunstnaren Vebjørn Sand, ført over på dataprogram hjå Sæthre Stenindustri i Arna, for deretter å verta prikkhogd inn i svart blankpolert granitt.*

Dette er ikkje berre ein bautastein, men eit eineståande kunstverk til minne om dei som kvar dag sette livet på spel for eit fritt og godt Norge

*Neptun Seniorklubb har stått føre alt arbeid og kostnad for å få dette til, og me er oppriktig stolt av resultatet, men me er også svært opptatt av å sikra bautasteinen inn i framtida.
Det er langt frå sikkert at Neptun Seniorklubb vil eksistera i generasjonar framover, og det same gjeld kanskje for avtalen mellom kommunen og framtidige grunneigarar.*

Bygningsmassen m.m. er teken vare på i avtalen mellom kommunen og noverande grunneigar, men bautasteinen er så prektig og viktig at den treng eigen avtale om varig vern.

Så lenge Neptun Seniorklubb kan fortsette med den fine tradisjonen med 8. mai markering i Selsøy, vil klubben sjølv sagt halde fram med vedlikehaldet av anlegget, inkludert bautasteinen.

Me har diskutert dette grundig både i medlems og styremøte, og avgjerda er einstemmig.

Me vil overdrage eigedomsretten til Austrheim kommune.»

Kommunedirektøren vil stilla seg bak Neptun Seniorklubb si vurdering om at Bautasteinen er eit sterkt minne om kva som vart ofra av lokale under andre verdenskrig. Kommunedirektøren er klar på at kommunen her bør overta eigedomsretten. Det er viktig at steinens framtid blir forvalta med ein langvarig eigar.

Kommunen teke dei nødvendige avklaringane med grunneigar. Kommunedirektøren finn det naturleg og legga dette inn i avtalen med Mikael Krossøy, jamfør punkt 1 ovanfor.

Konklusjon

1. Formannskapet godkjenner at det kan inngåast revidert avtale med Mikal Krossøy om Selsøy.
2. Formannskapet godkjenner at Austrheim Kommune overtek eigedomsretten til Bautasteinen på Selsøy frå Neptun Seniorklubb

Sakspartar